



Sunnfjord  
kommune

# Norm for uteopphaldsareal



## Vedlegg 5

Kommuneplanen sin arealdel 2024–2035  
– endelig planforslag juni 2024

**Innhald**

1	Føremål .....	3
2	Geografiske inndelingar.....	3
3	Krav til uteoppahldsareal .....	6
3.1	Krav til felles og privat uteoppahldsareal .....	6
3.2	Krav til utforming og kvalitet av uteoppahldsareal .....	8
3.2.1	Privat uteoppahldsareal .....	9
3.2.2	Felles uteoppahldsareal .....	9
3.2.3	Balkong og terrasse .....	9
3.2.4	Grøntareal.....	10
3.2.5	Tilgjenge og universell utforming .....	10
3.2.6	Lokalisering.....	10
3.2.7	Sol og lys .....	10
3.2.8	Støy .....	10
4	Krav til leikeplass.....	10
5	Retningslinjer.....	11
5.1	Dokumentasjon.....	11
5.2	Lokalisering .....	11
5.3	Uteoppahldsareal i Førde sentrum, Førde sentrum pluss, sentrumsføremål i Sande, Naustdal, Skei og Vassenden.....	12
5.4	Kvalitet på uteoppahldsareal .....	12
5.4.1	Overordna grønstruktur.....	12
5.4.2	Nærleik til bustad .....	12
5.4.3	Sol og lys .....	13
5.4.4	På terreng .....	13
5.4.5	På tak .....	13
5.4.6	Godt miljø.....	14
5.4.7	God tilkomst .....	14
5.4.8	Tilgjenge for alle.....	14
5.5	Leikeplass .....	14
5.5.1	Tunleikeplass, born 0-6 år .....	15
5.5.2	Kvartalsleikeplass, born 0-12 år.....	15
5.5.3	Grendeleikeplass .....	16

## 1 Føremål

Norma for uteoppahldsareal skal vere eit verktøy for å sikre gode uteoppahldsareal i dei ulike utbyggingsprosjekta. Premissane for gode uteoppahldsareal vert lagt tidleg i planlegginga, og norma skal gje klare rammer for å sikre at utbygginga har tilstrekkeleg areal som er eigna for opphold og leik. Norma gjev ulike krav til storleik og kvalitetar for uteoppahldsareal.

Føremålet med krava er å skape gode buminjø gjennom attraktive uteområde, fellesareal, grøne område, leikeareal og trygge omgjevnader. Vidare skal det sikre gode oppvekstvilkår for born og unge. Bustadområda skal ha møteplassar som er eigna for sosial kontakt for både born og vaksne. Nærmiljøet skal stimulere til fysisk aktivitet, rekreasjon og sosialt samvær.

Krav til uteoppahldsareal er heimla i føresegndene til kommuneplanen sin arealdel, § 1.4 nr 10 og gjeld der reguleringsplan eller arealdel fastset dette.


Plansaker og byggesøknader skal dekke krav til areal for uteoppahldsareal i samsvar med denne norma. Det vert vist til plan - og bygningslova §§ 1-1, 3-1, 18-2, 28-7 og til ei kvar tid gjeldande Teknisk forskrift, og "Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge".

## 2 Geografiske inndelingar

Sjå kartfigurar under som viser dei ulike områda/ sonene i kommunen.


Storleiken på felles uteoppahldsarealet vert rekna ut på grunnlag av samla tal bustader i den enkelte eksisterande eller ny plan eller byggeprosjekt.

### Førde sentrum






## Førde sentrum pluss



## Sande Sentrumsføremål






## Naustdal Sentrumsføremål



## Skei Sentrumsføremål



## Vassenden Sentrumsføremål



### 3 Krav til uteoppphaldsareal

### 3.1 Krav til felles og privat uteoppphaldsareal

Uteoppphaldsareal er areal kommunen har vurdert som eigna for uteopphold i det fri for bebuarane. Det vert skild mellom privat, felles og offentleg uteoppphaldsareal. Ny bueining løyser ut krav om uteoppphaldsareal. Det same gjeld også ved bruksendring til bustad.

Krav til storlek på privat og felles uteoppholdsareal varierer mellom ulike stadar i kommunen:

- Førde sentrum (Sone 1)
  - Førde sentrum pluss og Sentrumsføremål i Sande, Naustdal, Skei og Vassenden (Sone 2)
  - Resten av kommunen (Sone 3)

Ved etablering av 4 bueiningar eller meir er det krav om felles uteoppphaldsareal i form av leikeplass. Sjå eige kapittel «Leikeplass».

Før det vert gjeve løyve til bustadar skal plan på utforming av felles uteoppahldsareal, deriblant leikeplass, vere godkjend av kommunen. Felles uteoppahldsareal og leikeplass skal vere ferdig opparbeidd før det vert gjeve bruksløyve til bustadar. Dette gjeld frå første bueining.

**Tabell 1:** Krav til storlek på uteoppahldsareal ved ulike typar bustadar ulike stadar i kommunen:

Bygningstype	Krav til privat og felles uteoppahldsareal	Andre krav
Eine- og tomannsbustad	100 m <sup>2</sup> privat pr. bueining + 35 m <sup>2</sup> privat pr. sekundærleileighet	Fleire krav til utforming av uteoppahldsareal går fram av kapittel 3.2.  Minste lengde og breidde på privat uteoppahldsareal eksklusiv balkong er 7 m x 5 m pr. bueining.  Minst 50 % av privat uteoppahldsareal skal vere på bakkenivå.
	50 m <sup>2</sup> felles pr. bueining gjeld i heile kommunen utanom Førde sentrum	Ved utbygging av 4 eller fleire bueiningar i same prosjekt er det krav om felles uteoppahldsareal. Sjå kapittel 4 «Krav til leikeplass». Minst 30 % av felles uteoppahldsareal skal vere grøntareal.
Andre småhus	50 m <sup>2</sup> privat pr. bueining	Fleire krav til utforming av uteoppahldsareal går fram av kapittel 3.2.  Minste lengde og breidde på privat uteoppahldsareal eksklusiv balkong er 7 m x 5 m pr. bueining.
	35 m <sup>2</sup> felles pr. bueining i sone 2 eller 50 m <sup>2</sup> felles pr. bueining i sone 3	Ved utbygging av 4 eller fleire bueiningar i same prosjekt er det krav om felles uteoppahldsareal. Sjå kapittel 4 «Krav til leikeplass». Minst 30 % av felles uteoppahldsareal skal vere grøntareal.
Store bustadbygg	5,4 m <sup>2</sup> privat pr. bueining	Fleire krav til utforming av uteoppahldsareal går fram av kapittel 3.2.  Minste lengde og breidde på veranda/balkong er 1,5 m x 2,8 m.
	15 m <sup>2</sup> felles pr. bueining i sone 1 eller 25 m <sup>2</sup> felles pr. bueining i sone 2 eller 50 m <sup>2</sup> felles pr. bueining i sone 3	Ved utbygging av 4 eller fleire bueiningar i same prosjekt er det krav om felles uteoppahldsareal. Sjå kapittel 4 «Krav til leikeplass». Minst 30 % av felles uteoppahldsareal skal vere grøntareal.

**Definisjonar bygningstypar:**


1. **Andre småhus:** Andre småhus med 3 eller fleire bueiningar.
  - a. Rekkjehus: Rekkjehus har vertikale skilje mellom bueiningane, separat inngang og kvar bueining skal ligge på grunnen.
  - b. Kjedehus: Kjedehus har vertikale skilje mellom bueiningane, og dei enkelte bueiningane er kjeda saman med mellombrygg, ofte garasje eller bod. Det er separat inngang og kvar bueining skal ligge på grunnen.
  - c. Atriumhus: Atriumhus er ei nemning som vert brukt om samanbygde hus i vinkelform. Kvar bueining får eit skjerma og innelukka uteoppphaldsareal.
  - d. Tre- og 4-mannsbustad: Bygningar med 3 eller 4 bueiningar, med vertikalt og horisontalt skilje mellom bueiningane, og separat bueining
2. **Store bustadbygg:** Store bustadbygg inneheld 5 eller fleire bueiningar, og har vanlegvis felles inngang(ar). Store bustadbygg inneheld både horisontale og vertikale bustadskiller. Døme på store bustadbygg er høgblokk, lågblokk, svalgangsbygning, terrassert bustadblokk, terrassehus.

### **3.2 Krav til utforming og kvalitet av uteoppphaldsareal**

Uteoppphaldsareal skal vere opparbeidd med eigna form til sin funksjon. Storleik og plassering skal vere gode for rekreasjon og leik for born. Arealet skal vere plassert slik at det oppnår gode kvalitetar med tanke på solforhold, lys og støy. Det skal vere utforma slik ein unngår fare, og leikeareal skal vere skjerma mot trafikk. Eventuelle nivåforskellar skal vere tilstrekkeleg sikra mot fall.

Følgjande areal kan ikkje reknast med i arealkravet til leike- og uteoppphaldsareal:

- Uteoppphaldsareal brattare enn 1:3 med mindre det er opparbeidd og meint for leik
- Areal med ekvivalent støynivå over 55 dB(A)
- Køyre- og manøvreringsareal for køyretøy og sykkel
- Renovasjon og liknande
- Uteservering
- Uteoppphaldsareal på tak. Unntak er områda Førde sentrum, Førde sentrum pluss, sentrumsføremål i Sande, Naustdal, Skei og Vassenden, der inntil 50 % av uteoppphaldsareal kan leggast til tak
- Areal som er smalare enn 5 meter. Sjå figur 1 under:



**Figur 1** Kantareal smalare enn 5 meter skal ikkje reknast med i kravet til uteoppahldsarealet. Sjå døme over. Grønt er eigna uteoppahldsareal, medan raudt er ikkje eigna uteoppahldsareal.

### 3.2.1 Privat uteoppahldsareal

Ein god privat uteoppahldsplass betyr mykje for kvaliteten til ein bustad. Alle bustader skal ha tilgang til privat uteoppahldsareal – balkong, terrasse eller hage.

### 3.2.2 Felles uteoppahldsareal

Ein viktig funksjon med uteoppahldsarealet er at dei fungerer som uformelle møtestadar for bebruarane i eit område. Ein del av uteoppahldsarealet skal settast av til felles bruk, mellom anna til møteplass og leikeplass.

Det skal vere minst ein benk eller liknande som er tilgjengeleg for alle der folk kan møtast. Delar av arealet skal innehalde vegetasjon, som busker og tre.

Felles uteoppahldsareal skal vere ferdig opparbeid før første bustad vert teke i bruk.

### 3.2.3 Balkong og terrasse

Balkong er utkraga eller understøtta bygningsdel over første etasje. Avhengig av beresystem vert det og rekna som altan eller veranda. Terrasse er areal som ligg naturlig inntil eller oppbygd terrenge i første etasje, eller som takterrasse.

For god brukskvalitet bør balkong og terrasse ha god tilgang på sollys, samtidig som den er beskytta mot vind, støy og luftforureining. Balkong skal vere minst  $1,5 \times 2,8$  m og ein funksjonell form som er tilpassa tal personar i husværet.

Balkong over fortau og byrom må vere minst 3,5 m over bakken, med maksimalt 2,5 m utspring frå veggliv og ikkje nærrare fortauskant enn 50 cm.

### 3.2.4 Grøntareal

Delar av uteoppaldsareal til felles bruk skal vere grøntareal. Dette i form av vegetasjon, hage og beplanting som er eigna til bustadtypen og omgjevnad. Grøntareal som vegetasjon bidreg til frodig preg og mjuke flater.

For eine- og tomannsbustad er det krav om minste storleik for eit område med uteoppaldsareal er 7 m x 5 m og skal vere eigna for hage og leik.

### 3.2.5 Tilgjenge og universell utforming

I bustadar med krav om tilgjengelegheit og universell utforming er det sett krav til utforming av uteoppaldsareal. Krava går fram av Teknisk forskrift. Delar av opparbeidd uteoppaldsareal for ålmenta skal vere universelt utforma.

### 3.2.6 Lokalisering og gjennomføring

Uteoppaldsareal skal i utgangspunktet settast av på eigen grunn, med unntak i Førde sentrum. Dersom uteoppaldsareal skal leggast på andre sin grunn, må arealet vere regulert for felles/offentleg eige, eller det må vere tinglyst erklæring om rett til bruk av arealet. På kommunale eigedomar må det ligge føre avtale om plan, bruk, oppgradering/istandsetting, tiltak/utstyr på uteoppaldsarealet. Plan skal ta høgde for framtidig bruk av uteoppaldsareal med omsyn til utbyggingspotensialet innanfor 200 meter gange. Det skal i avtalen stå kva utbyggar skal bidra med. Avtale skal vere signert før det vert gjeve eitt-trinns-løyve/igangsetjingsløyve.

### 3.2.7 Sol og lys

Soldiagram for uteoppaldsareal skal ligge ved plansaker. Kommunen kan også krevje soldiagram i byggesaker. Uteoppaldsareal og sol skal i alle prosjekt ved regulering synleggjerast ved soldiagram for følgjande datoar: 20. mars, 1. mai og 21. juni. Sjå punkt 5.1 og 5.4.3.

### 3.2.8 Støy

Byggesaksforskrifta sitt krav om støynivå under 55 dBA for uteoppaldsareal skal leggast til grunn ved plassering og utforming.

## 4 Krav til leikeplass

Ved etablering av 4 eller fleire bueinigar i same prosjekt er det krav om at delar av det felles uteoppaldsarealet vert utforma som leikeplass, jf. punkt 3.1.

Leikeplassen skal vere opparbeidd med tilstrekkeleg aktivitetstilbod og utforming som tar vare på sin funksjon til leik og rekreasjon.

Storleik på areal til leikeplass er avhengig av m.a. målgruppe og tal bueiningar.

Minst 30 % av leikeplass skal vere utforma som grøntareal og vegetasjon.

Trafokioskar skal ikkje plassert på eller nærmere enn 15 m til leikeplassar.

**Tabell 2:** Krav til leikeplassar ut ifrå tal bueiningar

Leikeplass	Målgruppe	Tal bueiningar	Minimum storleik	Maksimal avstand	Udstyr minst
Tunleikeplass	0-5 år	4	100 m <sup>2</sup>	50-100 m	3 leikeapparat
Kvartalsleikeplass	0-12 år	25	500 m <sup>2</sup>	200 m	5 leikeapparat
Ballplass/ Grendeleikeplass	Alle	100	1500 m <sup>2</sup>	500 m	10 leikeapparat

1. Ved etablering av meir enn 20 bustadar skal det vere meir enn éin tunleikeplass.
2. Ved fleire enn 40 bueiningar skal det oppretta fleire enn éin kvartalsleikeplass med unntak av prosjekt i Førde sentrum.

## 5 Retningslinjer

### 5.1 Dokumentasjon

I framlegg til plan eller byggesak skal det gå tydleg fram korleis arealkrav og kvalitetane til uteoppahldsareal er stetta. I plansak skal det i dei fleste prosjekt ligge ved ein illustrasjonsplan. I byggesak skal det ligge ved ein utomhusplan. Planane skal vere mål- og høgdesett, og vise høgde og handtering av terreng, vegar, parkeringsplassar. Planen skal også vise bustadane med inngangar, vise avgrensing av areal for leik for små og større born og for sittegrupper samt prinsipp for materialbruk (mjuke og harde flater).

Tal bueiningar skal vere opplyst i alle byggesaker. Storleiken på arealet til uteoppahald skal reknast ut og visast på planmateriealet.

I plansaker skal det ligge ved sol-/ skuggediagram som viser tilhøva etter utbygging for minst desse tre tidspunktta:

- kl. 15.00 den 21. mars
- kl. 15.00 den 1. mai
- kl. 18.00 den 21. juni.

Kommunen kan også krevje sol-/skuggediagram i byggesaker.

Det bør dessutan visast snitt i retning SV-NØ som viser solhøgda på innslagtidspunktet. I diagrammet skal det takast omsyn til skugge frå bygg og skog.

Materialet og illustrasjonane skal vere godt lesbare og enkle å tyde.

Planframlegg kan bli avvist dersom dei ikkje syner korleis krav til uteoppahldsareal kan stettast.

Eventuelle avvik frå krav i høve uteoppahldsareal skal omtala og grunngjenvast. Justeringar kan tillatast dersom dette vil føre til like gode eller betre tilhøve for funksjonen til uteoppahldsareaala.

### 5.2 Lokalisering

Uteoppahldsareal skal ha ei plassering sentralt i bustadfeltet, avstanden til bustaden bør ikkje vere for lang, og gangtilkomsten bør vere trygg i høve trafikk. Kommunen kan godkjenne at felles uteoppahldsareal vert lagt i offentleg friområde. Det skal gjerast ei konkret vurdering av den samla samfunnsmessige nytten på kort og lang sikt før det vert teke stilling til dette.

## 5.3 Uteoppahldsareal i Førde sentrum, Førde sentrum pluss, sentrumsføremål i Sande, Naustdal, Skei og Vassenden

Felles uteoppahldsareal skal opparbeidast mest mogleg samla innanfor sentrumsområda. Minst 50 % skal ligge på bakken der 30 % av dette kan dekkast av offentlege parkar og friområde innan ein trafikktrygg avstand på maksimalt 200 m. Areala skal m.a. vere eigna for møteplassar og leik. Innanfor sentrumsområder kan vektlegging av kvalitet kompensere for kvantitet. Likevel skal storleik og omsyn til staden vurderast i kvart enkelt tilfelle. Ved avvik frå arealkrav, skal val av kompenserande løysingar, kvalitet osb. gå fram av planføresegner og teknisk plan. Fordelane ved avvik frå arealkravet må stå klart større enn ulempene. Gjennomføring for opparbeiding og oppgradering av felles offentlege uteoppahldsareal (parkar / byrom) i sentrum kan sikrast ved regulering og ev. avtale. Avtale skal vere signert før det vert gjeve eitt-trinns-løyve/igangsetjingsløyve.

Kombinert leik - og uteoppahldsareal skal ha ei utforming som dekkjer alle aldersgrupper sine behov for aktivitet og trivsel. Områda skal formast som trygge møteplasser, og tilføre bamiljøet og sentrum kvalitet som uteoppahldsareal. Avstand til eksisterande offentlege ballplassar skal vurderast.

## 5.4 Kvalitet på uteoppahldsareal

### 5.4.1 Overordna grønstruktur

Grøne områder er viktig for eit godt bustadområde, og er ein vesentleg kvalitet for uteaktivitet. Grøne areal bør ligge som samanhengande belte og større parti mellom felt i bygeområde. Grønstruktur med rikeleg innslag av vegetasjon kan betre lokalklima og luftkvaliteten i området, og auke det biologiske mangfaldet. Grønstruktur gjev positiv oppleveling av landskap, og tek samtidig vare på verdfull og vakker natur, som bekkedrag, utsiktspunkt, koller, spesielle terrengformasjoner og vakker vegetasjon.

Areal til leik og uteoppahald må sjåast i samanheng med eksisterande eller planlagd grønstruktur i nye bustadområde eller fortetting i eksisterande bustadfelt. Det er viktig å plassere nærliekplassar, kvartalsleikeplassar og ballplassar som ein del av grønstrukturen der dette er mogleg. Kombinasjon av naturareal og leikeplassar stimulerer den motoriske utviklinga til born og legg forholda godt til rette for spennande og variert leik. Grønstrukturen utanfor Sentrum vert ikkje rekna med i storleiken til (felles) uteoppahldsareala.

### 5.4.2 Nærleik til bustad

Nærleik til bustaden er svært viktig for born, eldre og personar med ulike type funksjonshemming. Areal som ligg nær bustaden er lett tilgjengeleg, godt eigna for opphold, og legg til rette for sosial fellesskap. Det er lettare med tilsyn og oversikt, som gjev større tryggleik for brukarane av arealet.

Blokk bør helst ha solrike sittegrupper og benkar nær inngangsdørene. Det same gjeld for private uteoppahldsareal med sittegrupper dersom dette er mogleg.

Leikeareal for små born bør helst ikkje ligge meir enn 50-100 meter frå inngangsdør, og bør ha sikt frå bustaden. Inngangsdører bør ligge ut mot felles uteoppahldsareal.


Leikeareal for større born kan ligge 200-500 meter fra bustaden, dersom det er trygg tilkomst.

#### 5.4.3 Sol og lys

Uteoppahldsareal bør plasserast slik at hovuddelen av arealet får mest mogleg sollys, og ikke vende einsidig mot nord/ nordaust. Plassering av bygningane på tomta må ta omsyn til solinnfall i høve naturleg topografi og omgjevnadane elles.

Det er særsviktig at felles uteoppahldsareal har maksimalt med sol i tidsrommet folk er mest ute, dvs. ettermiddag og tidleg kveld. 50 % av arealet skal ha sol 20. mars/ 23. september kl. 15.00 dersom topografien tillet dette. Det bør vere 5 timer med sol i løpet av dagen dersom topografien tillet dette. I sentrum kan dette fråvikast.

I område med blokker skal avstanden mellom bygga på motsett side av felles uteoppahldsareal vere minst  $1,5 \times H$  (gesimshøgd). Avstanden til bygga skal uansett ikkje vere under 17 m. Sjå figur 2 under.



**Figur 2** Figuren viser korleis avstand mellom blokker vert målt for høvesvis flatt og bratt terren.  $B$  er lik breidde og  $H$  er lik høgde. Figuren er henta frå utearealnorma til Oslo kommune.

#### 5.4.4 På terren

Uteoppahldsareal på terren er i utgangspunktet betre eigna for ulike aktivitetar, og gjev større samanheng og rom for variasjon i terrenghform og planting av vegetasjon. Dei er også lettare tilgjengelege for born i nabolaget, og skapar derfor høve for spontan leik og opplevingar. Uteoppahldsareal for felles bruk bør skal derfor normalt plasserast på terren.

Terrenget på uteoppahldsareal bør variere med flate parti, bakkar, knausar, men skal i hovudsak ikkje vere brattare enn 1:3 med unntak av areal til akebakkar o.l. i fellesområde.

#### 5.4.5 På tak

I Førde sentrum, Førde sentrum pluss, sentrumsføremål i Sande, Naustdal, Skei og Vassenden kan opptil 50 % av felles uteoppahldsareal plasserast på tak, som t.d. på parkeringskjellar eller næringsbygg. Takterrassar som ligg inn til fasade til bustad vert opplevd tryggare enn takterrassar på opne tak. Takterrassar på opne tak vert vurdert som mindre eigna, og bør helst unngåast.

Felles uteoppahldsareal på tak må dimensjonerast med tilstrekkeleg jorddekke (30-100 cm) slik at området kan plantas med gras, busker og ev. tre. Det kan lagast føresegner i reguleringsplan om dette.

Privat uteoppahldsareal kan leggast på balkong og terrasse. Det bør leggast vekt på utsikt.

#### **5.4.6 Godt miljø**

I samband med plassering av uteoppahldsareal kan noko støy vere lettare å akseptere enn lite sol og lys.

Luftkvaliteten bør tilfredsstille krav i høve SFT-rapport 92:16 eller seinare vedtekne forskrifter, vedtekter eller retningslinjer. Ved ny planting bør ein unngå vekstar med mykje utslepp av pollen og giftige vekstar.

Jordsmonnet/ grunnen skal analyserast dersom tomta har vore nytta til industriverksem, eller det av andre årsakar kan vere risiko for at grunnen er ureina. Ureina grunn kan berre godkjennast som uteoppahldsareal etter at ureininga er fjerna, jf. ureiningslova med forskrifter.

Plassering av bustader og leikeplassar nær kraftleidningar og andre høgspentanlegg må vurderast særskild. Dersom kraftleidning ligg i grunnen bør det vere ein avstand på 6 m frå senterlinje av leidningen til bustaden og leikeplassen.

#### **5.4.7 God tilkomst**

Uteoppahldsareal skal ha ein trafikktrygg tilkomst, og bør leggast til gangveg eller lite trafikkert veg. Born i området bør kunne nå området utan å krysse trafikkerte vegar, private hagar eller gjerder. Det bør etablerast gangvegnett som bind grøntområde/ uteoppahldsareal saman og fungerer som snarvegar mellom bustadane.

#### **5.4.8 Tilgjenge for alle**

Uteoppahldsareal må formast mest mogleg tilgjengeleg for alle potensielle brukarar, og gje rom for samhandling og fellesskap. Felles uteoppahldsareal bør opparbeidast slik at alle aldersgrupper og brukarar enkelt kan kome til og bruke arealet aktivt, mest mogleg uavhengig av eigen funksjonsgrad. Dei ulike sonene i arealet bør vise ei klar avgrensing slik at det er enkelt å orientere seg.

Prinsipp for prosjektering og utforming er logisk og oversiktleg utforming, enkel linjeføring, fritt for hinder og feller, god dimensjonering, ramper for å overvinne sprang og val av underlag, materiale. Det må takast omsyn til astmatikarar og allergikarar ved val av vegetasjon.

Tilkomst til leike – og uteoppahldsareal bør ikkje ha brattare stigning enn 1:15. I byggeteknisk forskrift vert det stilt spesifikke krav om universell tilgjenge for enkelte typar uteoppahldsareal ved bustader.

Avvik frå tilgjenge for alle kan gjelde delar av arealet.

### **5.5 Leikeplass**

Uteoppahldsareal skal spesielt ta vare på born sine behov for leik og aktivitet. Leikeplassane skal vere utforma og opparbeidd slik at dei er attraktive og legge til rette for fleirbruk slik at flest mogleg kan bruke dei. Det bør leggast til rette for

aktivitetar for alle årstider. Naturleg vegetasjon, terrengformasjon og vassdrag bør takast vare på slik at borna kan nytte det til leik og ulike aktivitetar.

Kvalitetane gjeve i 4.6.1, 4.6.2 og 4.6.3 skal i størst mogleg grad følgjast ved utforming og opparbeiding av leikeplassar. Bygging og montering av utstyr skal skje i samsvar med den til ei kvar tid gjeldende 'Forskrift om sikkerhet ved lekeplassutstyr'. Dette gjeld tryggleiksoner rundt lekeplassutstyr, underlag tilpassa fallehøyde med meir.

Det er tre ulike typar leikeplassar; tunleikeplass , kvartalsleikeplass og grendaleikeplass. Sjå tabell 2 på side 10.

Utforming av leikeplass og uteoppahldsareal kan følgje anbefalingar etter SINTEF Byggforsk detaljblad 381.302.

### 5.5.1 Tunleikeplass, born 0-6 år

Felles uteoppahldsareal skal innehalde areal for tunleikeplass. Tunleikeplass er område eigna til leik for born under 6 år. Tal leikeplassar må bli vurdert konkret etter tal bustadar, storleik og andre tilbod i nærleiken. Tunleikeplassen skal vere utforma slik at den er litt kupert med hauger eller naturlege terreng og busker/tre på staden. Området skal utfordre til aktivitet der barna må bruke heile kroppen som ved å gå, springe eller rulle. Det er også bra med tilrettelagging for rolleleik. Leikehus, klatrevegg eller «leketunnel» stimulerer til det og sosial samhandling. I nærleiken bør det vere sitteplassar for vaksne.

Aktuelt utstyr er :

- Leikehus/-skulptur ev. liknande som inspirerer til rolleleik.
- Sandkasse, gjerne med lokk eller nett som kan trekkest over sanden som tiltak mot kattar
- Huske og sklie
- Andre lekeapparat er: vipper, leikedyr, karusellar, tunellar og liknande. Det kan også vere apparat som stimulerer til krabbing, balansering eller klatring.

Grunnen under leikeapparata kan vere til dømes sand eller barkflis. Fallhøgda er avgjerande for kravet til støtdempandeeffekten til underlaget (for meir informasjon sjå NS, Lekeplasskontrollen, Byggforsk).

Tunleikeplass skal vere plassert slik at det er det er trygt å gå mellom bustad og leikeplass. Borna skal ikkje vere nøydde å krysse veg med mykje trafikk før dei kjem til leikeplassen eller gå langs veg/ gate med trafikk.

I Førde sentrum, Førde sentrum pluss og sentrumsføremål i Sande, Naustdal, Skei og Vassenden skal det i størst mogleg grad vere etablert eigne felles løysingar der tunleikeplass er ein del av eit større uteoppahldsareal.

### 5.5.2 Kvartalsleikeplass, born 0-12 år

Det skal opparbeidast leikeplass for born opp til og med 12 år sentralt i bustadfelt med 25 bustadar eller fleire. Naturelement som kratt og skogholt er ofte spennande fleirbruksområde for større born. Det bør utstyrtast slik at dei fremjar fysisk aktivitet og samhandling for større born på t.d. grasplen, grusplass og harde flater for ulike spel og skileik. Klatrevegg, ribbevegg eller terrengformar vil stimulere til øving på

koordinasjon og spenst. Det er viktig med størst mogleg variasjon på leikeplassen. Delar av området kan leggast til rette for mindre born for ulike typar leik og spel. I tillegg bør det vere plass til sittegruppe eller bord og benk for roleg aktivitet. Oppføring av levegg knytt til rolegare område vil ofte betre kvaliteten på areala.

Aktuelt utstyr er:

- Klatreborg med tilhøyrande bruer, balansestokkar, klatrevegg med meir
- Vippe- og svinge- eller roterende rørsle, disse med stor svingradius, disse med fugleredesete med fallhøgde over 1 meter.
- Hinderløype og forskjellige turnstativ samla i ein trasé eller spredd omkring.
- Andre leikeapparat: trampoline, taubane, klatretårn med sklie og mykje anna. Vatn i form av vasspumpe og vassrenne.

I Førde sentrum skal det i størst mogleg grad opparbeidast felles leikeplassar.

### 5.5.3 Grendeleikeplass

For kvar 100 bustad skal det opparbeidast ein større leikeplass for alle på minst 1500 m<sup>2</sup>. Den bør vere offentleg og tilgjengeleg for alle i nærområdet. Den bør helst plasserast mot grøntareal med naturterring. Plassen skal innehalde areal for ballspel og balleik. Plassen skal helst ligge innan 500 meter frå bustaden på trygge ferdselsvegar. Likevel bør den ligge i noko avstand frå bustadane slik at ein unngår konfliktar som t.d. støy.

I Førde sentrum skal eksisterande ballplassar vurderast i høve avstand til bustadane, og korleis nælast parkanlegg kan nyttast slik at krav om nye ballplassar kan fråvikast.

Ballplass kan vere ein del av felles uteoppahaldsareal i større feltutbyggingar.